



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 18/56225-8 18/453 – 19/12014 21.06.2019

### Uttale til endring av reguleringsplan for Meland kyrkjegard – Meland kommune

Vi viser til brev motteke 27.05.2019 om offentleg ettersyn av endring av reguleringsplan for Meland kyrkjegard i Lindås kommune. Frist for uttale er sett til 09.07.2019.

#### Vår rolle i planarbeidet

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyremakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Om planarbeidet

Reguleringsendringa legg opp til ei utviding av eksisterande gravplass mot sør, etablering av ny tilkomstveg og parkeringsplass til øvre nivå av gravplassen, samt omlegging av Bjørnestadvegen utanom kyrketunet. I tillegg vert regulert tilkomst til kyrkja endra.

I gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje frå 1992, er det regulert ein ny trase for fv. 244, med nytt kryss til Bjørnestadvegen. Adkomst til Meland kyrkje og kyrkjegard var frå Bjørnestadvegen, nord for kyrkja. I vår merknad til oppstart, datert 05.04.2018, skreiv vi mellom anna:

*«I planarbeidet må ein sikre at vegsystemet får ein trafikksikker utforming både i mellombels fase (med dagens fv. 244) og når fylkesvegen er lagt om i tråd med gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje. Ein må ikkje endre intensjonen i den gjeldande reguleringsplanen når det gjeld framtidig vegsystem, men sikre ei god tilpassing av vegsystemet i dei ulike reguleringsplanane.»*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Underveis i planprosessen har Statens vegvesen fått tilsendt skisser og gitt innspel til utforming av kryss mellom fv. 244 og kommunal veg Bjørnestadvegen. I brev datert 28.11.2018 gjer vi kommunen merksam på at vegløysinga i framlegget ikkje gir ei heilheitleg løysing for området:


*«I planforslaget som var vedlagt e-posten 16.11.2018, er ikke vegsystemet i den gjeldende reguleringsplanen lagt til grunn for løsningen. Dersom en ser de to planene i sammenheng, får en ikke en helhetlig løsning for området.*

*Etter vårt syn vil det være en bedre løsning om man i planforslaget legger til grunn omlegging av Bjørnestadvegen inkludert tilkomst til kirken, i tråd med gjeldende reguleringsplan.»*

#### Merknader til reguleringsplanen

Statens vegvesen har ingen merknad til at gravplassen utvides mot sør, slik plankartet viser. Vi ser det som positivt at gravplassen er på same side av vegen som kyrkja, slik at ein unngår kryssing av vegen.

Når det gjeld vegsystemet, viser framlegget at kyrkja og gravplassen skal ha tilkomst frå sør. Etter vår vurdering gir dette ei uryddig løysing, spesielt når ein ser framlegget i samanheng med gjeldande plankart, slik figur 7-2 i planomtalen viser (se utsnitt nedenfor). Løysinga gjer at det vil verte uønskt biltrafikk på gangtraséen frå parkeringsplassen og fram til kyrkja (raud ring), fordi trafikk til gravplassen må køyre på strekninga.



I kapittel 8 *Innkomne merknader til melding om oppstart*, har forslagsstiller kommentert vår uttale til oppstart og løysingane i planforslaget. Statens vegvesen er generelt ikkje samd i forslagsstillers kommentarar til vår merknad, og spesielt ikkje kommentar om at våre merknader er teke til følgje.

Etter vår vurdering er ikke planframlegget i samsvar med intensjonen i gjeldande reguleringsplan, slik vi bad om i vår uttale til oppstartsvarsel. Statens vegvesen ber difor kommunen endre vegløysinga, slik at kyrkja og gravplassen får tilkomst frå ny Bjørnestadveg i nord, og gåande frå parkeringsplassen til kyrkja får redusert konflikt med køyrande.

Vidare må kryss mellom fv. 244 og Bjørnestadvegen regulerast med svingradius på minst 6 meter, og frisikt på 6m x 54m, som nemnd i vår e-post den 18.10.2018.

Vi ser fram til vidare dialog i saka.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN